



Berit M.Eskeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1748 - 18/14898

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

02.07.2018

## Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning uteområde Sagstad, anleggsnr 73532, 73533, 73535. 73536

Viser til søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av nærmiljøanlegg ved nytt uteområde ved Sagstad skule.

Søkjjar har levert og vist til påkravd dokumentasjon i høve *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2017*. Meland kommune, ved tenesteområde kultur, har vurdert planane og godkjenner desse utan merknadar.

Denne godkjenninga gjeld for følgjande anlegg:

- 73532 – BMX-bane Sagstad skule
- 73533 – Ballbinge/ballbane Sagstad skule
- 73535 – Parkour/klatre/trimpark Sagstad skule, aust
- 73536 – Parkour/klatre/trimpark Sagstad skule, vest

Levert kostnadsramme er 1,8 mill inkludert lysanlegg. Frå leverte planar vert det vurdert til at ein kan søkje 50% av denne ramma, tilsvarande kring 0,9 mill.

Godkjenning kan gjevast utan at tiltaka er del av kommunal plan for idrett, men tiltaka må inn i slik plan før søknad vert sendt, ved neste rullering hausten 2018.

Skulle planane verte endra, må nye oppdaterte planar for anlegget sendast til kommunen for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Godkjenninga gjeld for 2 år, og det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vere gitt før byggjearbeidet vert starta, og er ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Sagstad utomhus - situasjonsplan

**Mottakere:**  
Berit M.Eskeland